



Innkalling til Kommunestyret

Møtedato: 14.05.2014
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 17:00

Kommunestyremedlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er, tlf. 56171000, slik at varamedlem kan verta innkall.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenderet. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengelege på dokumentsenderet.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

I starten av møtet vil styreleiar i Nordhordlandspakken AS, Pål Kårbø og konsulent Helge Hopen orientere om status for Nordhordlandspakken AS

Sakliste

Saknr	Tittel
27/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
28/2014	Godkjenning av møtebok
29/2014	Referatsaker
30/2014	Rekneskap og årsmelding 2013
31/2014	Sluttrapport investeringsprosjekt nr 629 Vassleidning Fløksand - Vikebø
32/2014	Klimaplan for Hordaland- Høyringsutkast
33/2014	Kommuneplan, samfunnsdel 2013-2025 og planstrategi for Meland kommune - 2.gongs handsaming.

25. mai 2016

Nils Marton Aadland
ordfører

Randi Helene Hilland
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/2055

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/2055

Godkjenning av møtebok frå møte 09.04.14

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 09.04.14 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/2055

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
29/2014.1	Handlingsplan for trafikkisikring i Hordaland 2014-2017
29/2014.2	Meland kommune - Budsjett for 2014
29/2014.3	Møteutskrift frå møte 23.04.14
29/2014.4	Henvendelse om endringer i forskrift om likeverdig behandling

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	14/1791

Rekneskap og årsmelding 2013

Vedlegg:

Årsmelding 2013 Meland kommune

Årsrekneskap 2013 Meland kommune

Nr 11 Revisjonsrapport Meland Årsrekneskap 2013

Melding frå revisor - Fråsegn om årsrekneskapen

Særutskrift 14/14 Uttale til årsrekneskapen 2013

Saksopplysningar:

Meland kommune leverer i 2013 det beste økonomiske resultatet i kommunen sin nyare historie. Kommunen har eit netto driftsresultat på kr 29,9 mill, som utgjør 6,4 % av sum driftsinntekter. Til samanlikning vart netto driftsresultat i 2012 på kr 2,2 mill (0,5% av driftsinntektene), slik at resultatbetringa i 2013 er på kr 27,7 mill. Trekk ein frå overføringar av momsrefusjon til investeringsrekneskapen og netto avsetningar til fond er resultatet på kr 21,1 mill. Revidert budsjett for 2013 syner eit netto driftsresultat på kr 19,2 mill. Resultatet er såleis kr 10,7 mill betre enn budsjett.

Netto driftsresultat på kr 29,9 mill er disponert slik etter krav i lover og forskrifter:

kr 5,1 mill er momsrefusjon som vert overført til investeringsrekneskapen

kr 5,2 mill er avsetning til bundne driftsfond

kr 1,5 mill er bruk av bundne fond

kr 21,1 mill til anna disposisjon.

Kommunen har pr 31.12.2012 til saman kr 18 073 417 i rekneskapsmessig meirforbruk frå tidlegare år må dekkjast inn. Av dette må kr 13 912 472 dekkjast inn i 2013, medan kr 4 160 675 må dekkjast inn i løpet av 2015. Rådmann gjer framlegg om at heile det rekneskapsmessige meirforbruket frå tidlegare år på kr 18 73 417 vert dekkja inn i 2013.

Etter dette sit kommunen igjen med eit netto mindreforbruk (overskot) på kr 3 007 080, som rådmann gjer framlegg om å avsetje til disposisjonsfond i trå med fylkesmannen sin kommentar i godkjenning av Meland kommunen sitt budsjett for 2014 i skriv datert 11. april 2014.

Kommunen sitt investeringsrekneskap viser at det er føreteke investeringar i anleggsmiddel på kr 47,6 mill, av dette er kr 13,05 mill til vassverk og avlaupsanlegg. Utlån og forskotteringar, avdrag på lån og avsetningar er på til saman kr 11,2 mill, slik at årets finansieringsbehov i investeringsrekneskapen er på kr 58,8 mill. Revidert budsjett var på kr 61,3 mill, slik at det brutto i

2013 er ført kr 2,5 mill mindre i investeringsrekneskapen enn budsjettet.

Framlegg til årsmelding for 2013 og årsrekneskap for 2013 følger som vedlegg til saka. Årsmeldinga gjev ei utfyllande forklaring til det gode resultatet.

Framlegg til vedtak:

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2013 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 007 080,-.
2. Rekneskapsmessige meirforbruket frå tidlegare år på til saman kr 18 73 417 vert fullt ut dekkja inn i 2013.
3. Mindreforbruket for 2013 på kr 3 007 080 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

Formannskapet - 34/2014

FS - behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

FS – framlegg til vedtak:

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2013 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 007 080,-.
2. Rekneskapsmessige meirforbruket frå tidlegare år på til saman kr 18 73 417 vert fullt ut dekkja inn i 2013.
3. Mindreforbruket for 2013 på kr 3 007 080 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen		14/1803

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
35/2014	Formannskapet	PS	30.04.2014
31/2014	Kommunestyret	PS	14.05.2014

Sluttrapport investeringsprosjekt nr 629 Vassleidning Fløksand - Vikebø

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Prosjekt nr 629 • VASSLEIDNING FLØKSAND-VIKEBØ

Art	Regnskap 2013	Regnskap 2012	Regnskap 2011	Sum alle år:
32301 AVGIFTER OG GEBYRER	0	46 216	12 384	58 600
32302 GRUNN OG BETONGARBEID	10 237 413	7 828 558	0	18 065 971
32307 DIVERSE UTGIFTER	93	222	3 509	3 824
32700 KJØP AV KONSULENTTENESTER	0	247 586	44 848	292 434
32710 BYGGJELEIAR/PROSJEKIL EIAR	0	950	0	950
33500 OVERFØRING TIL KOMMUNAR	0	200 000	0	200 000
35003 BYGGJELANSRENTER	428 800	120 000	0	548 800
Sum utgifter:	10 666 306	8 443 532	60 741	19 170 579
39100 BRUK AV LAN	-10 666 306	-8 443 532	-60 741	-19 170 579
Sum finansiering:	-10 666 306	-8 443 532	-60 741	1042 184
Sum prosjektbudsjett ikomm.styretsak 29/2012	2 400 000	8 050 000	2 000 000	12 450 000
Finansiering med lånemidlar				
Awik (meirforbruk):				6 720 579

Prosjektet starta opp i 2011 og budsjettet for prosjektet vart siste gang handsama i sak 29/2012 der ramma 435610401510500 vart justert opp til kr 12,45 mill. Det har i heile 2013 vorte rapportert eit forventet meirforbruk på prosjektet, sist rapportert i sak F106/2013 med ein prognose på total kostnad for prosjektet på kr 19,0 mill.

Sluttrekneskapan viser ein total kostnad på kr 19,2 mill, som er eit meirforbruk på kr 6,7 mill. Meirforbruket i forhold til siste prognose på kr 0,2 mill skuldast høgare kostnadsførte byggjelånsrenter enn rekna med i prognosen.

Meland kommune praktiserer rammebudsjettering for investeringsutgifter og finansiering av investeringar. Kommunelova og tilhørande forskrifter set som krav at investeringar skal budsjetterast og finansierast innanfor det einskilde budsjettår, og at det er rekneskapskjema 2A som skal vere styrande for denne budsjetteringa og der kommunen fastset rammer for investeringane.

Rekneskapsskjema 2A i årsrekneskapen syner at Meland kommune i 2013 ligg innanfor budsjettet med omsyn til vedtekne investeringsrammer. Kommunen har forskyving av ein del prosjekt frå 2013 til 2014 som gjer at ein på tross av meirforbruket på Fløksand-Vikebø-prosjektet totalt sett kjem ut innanfor budsjetttrammene.

Auke i budsjetttramma for 2014 for å dekke opp for forskyvinga av prosjekt frå 2013 til 2014 er vedteke i sak 18/2014 i kommunestyret.

Prosjektet er gjennomgått av revisjonen og deira rapport er handsama i sak 19/2014 i kommunestyret. Saka er og handsama i Kontrollutvalet i sak 04/2014. I begge saker er årsakene til meirforbruket gjeve ei utfyllande forklaring.

Rådmann arbeider med framlegg til nye rutinar og interne retningslinjer for oppfølging av investeringsprosjekt i trå med tilrådingane frå revisjonen og kontrollutvalet. Der vil det gå tydeleg fram korleis eit prosjekt som dette skal følgjast opp og korleis rapportering og eventuelle avvik skal handterast.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar sluttrekneskapen for prosjekt 629 – Fløksand – Vikebø til orientering. Denne viser ein kostnad på i alt kr 19,2 mill, mot justert kostnadsramme på kr 12,45 mill gjev eit meirforbruk på kr 6,7 mill.

Formannskapet - 35/2014

FS - behandling:

Framlegg til tilleggspunkt frå Marit Jøssang, KrF:

Kommunestyret er kritisk til det store meriforbruket, jf. K-sak 19/2014.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Marit Jøssang vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Kommunestyret tar sluttrekneskapen for prosjekt 629 – Fløksand – Vikebø til orientering. Denne viser ein kostnad på i alt kr 19,2 mill, mot justert kostnadsramme på kr 12,45 mill gjev eit meirforbruk på kr 6,7 mill.

Kommunestyret er kritisk til det store meriforbruket, jf. K-sak 19/2014.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FE - 122	14/1043

Klimaplan for Hordaland- Høyringsutkast

Vedlegg:

Klimaplan for Hordaland - handlingsplan 2014

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Fylkesutvalet vedtok 20. januar 2014 i sak nr. 31/2014 å senda utkast til klimaplan for Hordaland 2014-2030 på høyring. Klimaplan for Hordaland har status som regional plan i medhald av Plan- og bygningslova § 8-1.

Klimaplan for Hordaland 2010-2020 skal rullerast etter 4 år. Det er slått fast i Regional planstrategi 2012- 2016. Rulleringsarbeidet starta opp etter at Fylkesutvalet vedtok planprogram i april 2013. Hovudvekt er lagt på energitemaet og tema om tilpassing til klimaendringar. Gjeldande klimaplan for Hordaland 2010-2020 er omfattande og dekkjer store delar av samfunnslivet i Hordaland. Utkast til plan for perioden 2014-2030 er ei rullering av den førre planen og byggjer i stor grad på den førre planen, men det er nye målformuleringar på fleire tema.

Fylkesutvalet ber særleg om kommentarar og innspel på mål og strategidelen av planen, inkl. forslag til nye felles tiltak.

Vurdering

Klimaplan for Hordaland er ein omfattande plan med mange gode mål og strategiar for å skape eit meir klimavenleg samfunn.

Visjon: Hordaland på veg mot lågutsleppsamfunnet.

Mål

Klimagassutslepp

Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991.

Energi

Energibruken i Hordaland skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.

Tilpassing til klimaendringar

Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet og stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.

Kommunane som no er invitert til å kome med innspel til planen har ei svært viktig rolle i klimaarbeidet. Kommunen er stor tenesteproducent, eigar av bygg, anlegg og infrastruktur og har ansvar for vatn, avlaup og avfall. Kommunen er planstyres-makt og gjev føringar for lokalisering, utforming og utbygging av bustader, arbeidsplassar, friluftareal og lokalt vegnett, inklusiv gangveggar og sykkel-veggar. Såleis har mange av strategiane direkte verknad inn i den kommunal kvardagen.

Meland er ein av kommunane i Hordaland med størst folketalsauke, mange av tema som er peika på i klimaplan er såleis svært relevante, særleg med tanke på arealbruk, transport og klimavenlege bygg.

Klimavenlege bygg

Når det gjeld strategien «klimavenlege bygg» er det positivt at Fylkeskommunen ynskjer å satse på dette område. Meland kommune som organisasjon er svært medveten på arbeidet med energieffektivisering av kommunale bygg, både av omsyn til økonomi og klima. Klimavenlege bygg og bruk av miljøvenleg materialbruk er tema som vert sett på dagsorden med utbyggjer. Vi imøteser og strategien der det er peika på at ein skal arbeide med å auke kompetanse og rådgeving i høve til å skape meir klimavenlege bygg i Hordaland. Her vil vi understreke kor naudsynt det er med eit nært forpliktande samarbeid med private aktørar i dette spørsmålet.

Areal og transport

Mål: Hordaland skal ha eit berekraftig utbyggingsmønster som reduserer transportbehovet, stimulerer til kortare og meir miljøvenlege reiser, og unngår nedbygging av verdifulle areal.

Meir konsentrert utbygging vil redusere transportbehovet. Dette er og i tråd med dei føringar Meland har arbeida etter i rulleringa av arealplan for kommunen.

Vidare peiker ein i planen på auka satsing på kollektivtransport og utbygging av gang og sykkelvegnettet.

Meland vil understreke kor viktig det er å stase på gang / sykkelveggar og kollektivtransport. Folketalet aukar og vi har eit regionalt bu og arbeidsmarknad med stor grad av pendling både innan Nordhordlandsregionen og Bergen. Dersom ein skal nå målet med å redusere, biltrafikk MÅ ein skape eit godt kollektivtilbod med direktebusser og hurtigbåt. Under punktet om kollektivtransport er det skriva at det er dei mest trafikkerte områda i Bergensområde som treng auka kapasitet. Her vil Meland kommune peike på at auka kollektivsatsing også i dei bynære kommunane, vil gje ein klimagevinst.

Skal ein nå målet om å få ned biltrafikk samstundes som folketalet aukar, må det vere ei omfattande satsing på gang og sykkelveggar, særleg på det regionale vegnettet.

Vidare vil satsing på gang og sykkelveggar også vere eit viktig tiltak som gjev ringverkander, også innan andre samfunnsområder som folkehelsearbeidet.

Å endre rammevilkår for bilparken er nasjonale verkemiddel for å redusere utslepp, då må det tilretteleggjast til dømes for elbilar. Det er såleis eit godt mål at det skal satsast på elbil-ladestasjonar i heile fylket, slik at ein kan bruka elbil også utanom byane. I tillegg til å satsa på hovudvegane, bør utbygging skje spesielt der det ikkje er god kollektivdekning. Her bør fylkeskommunen vera aktiv pådrivar i utbygginga m.a. ved å bidra økonomisk.

Strategiar for næring

Her er det peika på at det skal vere eit klimafokus i regional næringsplan for Hordaland.

Strategien med å arbeide for velfungerande og attraktive senter vil Meland slutte seg til. Det å satse på og gje

rom for entrepenørskap og innovasjon vil og vere med på å utvikle meir klimavenlege samfunn.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune har følgjande uttale til framlegget til revidert Klimaplan for Hordaland 2014-2013: Satsingsområda klimagassutslepp, reduksjon av energibruk og tilpassing til klimaendringar er gode overordna mål som også Meland kommune arbeider etter og slutter seg til. Planen peiker på auka satsing på kollektivtransport og utbygging av gang og sykkelvegnettet. Meland vil understreke kor sentralt dette punktet er. Dersom ein skal nå målet om å få ned biltrafikk, samstundes som folketalet aukar må det vere ei omfattande satsing på gang og sykkelveggar, særleg på det regionale vegnettet. Vidare må ein for å nå målet med å redusere biltrafikk skape eit godt kollektivtilbod med direktebusser og hurtigbåt. Under punktet om kollektivtransport, er det skrive at det er dei mest trafikkerte områda i Bergensområde som treng auka kapasitet. Her vil Meland kommune peike på at auka kollektivsatsing også i dei bynære kommunane, vil gje ein klimagevinst. Det er positivt at det skal satsast på elbil-ladestasjonar i heile fylket. I tillegg til å satsa på hovudvegane, bør utbygging skje også der det ikkje er god kollektivdekning. Her bør fylkeskommunen vera aktiv pådrivar i utbygginga m.a. ved å bidra økonomisk. Når det gjeld strategien «klimavenlege bygg» er det positivt at Fylkeskommunen ynskjer å satse på dette område. Her er det viktig å arbeide for å inngå eit forpliktande samarbeid med offentlege og private aktørar i bransjen.

Formannskapet - 37/2014

FS - behandling:

Framlegg til tilleggspunkt - frå Åshild AAmli, SAM:

"pkt. 5.15

e) Idretts- og kulturanlegg"

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg til tilleggspunkt frå Åshild Aamli vart samrøystes vedteke.

FS - framlegg til vedtak:

Meland kommune har følgjande uttale til framlegget til revidert Klimaplan for Hordaland 2014-2013: Satsingsområda klimagassutslepp, reduksjon av energibruk og tilpassing til klimaendringar er gode overordna mål som også Meland kommune arbeider etter og slutter seg til. Planen peiker på auka satsing på kollektivtransport og utbygging av gang og sykkelvegnettet. Meland vil understreke kor

sentralt dette punktet er. Dersom ein skal nå målet om å få ned biltrafikk, samstundes som folketallet aukar må det vere ei omfattande satsing på gang og sykkelveggar, særleg på det regionale vegnettet. Vidare må ein for å nå målet med å redusere biltrafikk skape eit godt kollektivtilbod med direktebusser og hurtigbåt. Under punktet om kollektivtransport, er det skrive at det er dei mest trafikkerte områda i Bergensområde som treng auka kapasitet. Her vil Meland kommune peike på at auka kollektivsatsing også i dei bynære kommunane, vil gje ein klimagevinst. Det er positivt at det skal satsast på elbil-ladestasjonar i heile fylket. Nytt pkt. 5.15 e) Idretts- og kulturanlegg. I tillegg til å satsa på hovudvegane, bør utbygging skje også der det ikkje er god kollektivdekning. Her bør fylkeskommunen vera aktiv pådrivar i utbygginga m.a. ved å bidra økonomisk. Når det gjeld strategien «klimavenlege bygg» er det positivt at Fylkeskommunen ynskjer å satse på dette område. Her er det viktig å arbeide for å inngå eit forpliktande samarbeid med offentlege og private aktørar i bransjen.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	HistSak - 13/824, FE - 141	14/583

Kommuneplan, samfunnsdel 2013-2025 og planstrategi for Meland kommune - 2.gongs handsaming.

Vedlegg:

Kommuneplan for Meland kommune

Planstrategi 2013-2016 for Meland kommune

Planstrategi 2014-2016 for Meland kommune - oppdatert versjon 6 mai

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Bakgrunn

Planframlegget til kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2025, tek stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for samfunns-, tjeneste- og arealutvikling. Målet med plan er at kommunen skal ha ein samfunnsdel som fungerer som eit overordna politisk og administrativt styringsverktøy, og som gjev eit fundament for ei langsiktig og berekraftig samfunnsutvikling i Meland.

Prosess

Som ledd i varsling av planoppstart vart det utarbeida eit planprogram som grunnlag for planarbeidet, jf. plan- og bygningslovens § 4-1. Formannskapet vedtok i Sak 164/10 å varsle igangsetting av planarbeidet samtidig som planprogrammet vart sendt på høring og lagt ut til offentlig ettersyn. Kommunestyret fastsette planprogrammet sak 43/11.

Formannskapet har vore politisk styringsgruppe i arbeidet, administrativt har leiargruppa vore styringsgruppe for planarbeidet. Det har i prosessen vore møter med ulike grupper som Meland idrettsråd, næringslivet, landbruksnæringa og internt i organisasjonen Meland kommune.

Om plan

Planforslaget viser fire langsiktige verdiar og mål, og byggjer på planprogrammet sine føringar og satsingsfelt. Tre av planen sine mål byggjer opp under ynskt samfunnsutvikling og korleis kommunen sitt tenestetilbod byggjer opp under denne utviklinga. Det fjerde punktet viser til kommunen si satsing på folkehelse. Til kvart av dei fire måla er det foreslått strategiar formulert som "Kva gjer vi" for å nå målet.

Innanfor ramma av dei fire måla er det to hovedutfordringar som planforslaget vektlegg som særlege viktige; økt fokus på befolkningsvekst, våre unge innbyggjarar og satsing på folkehelse. Dei fire langsiktige utviklingsmåla er:

- Vi skal medverke til og oppleve god livskvalitet
- Vi skal ha ei berekraftig utvikling
- Vi skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland
- Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer

Vidare framover

For å oppnå sterkare strategisk styring legg vi i planen og til rette for ein prosess der kommunen sine øvrige styringsdokument harmonerer med samfunnsdelen. Det skal utarbeidast ein 4 årlig handlingsplan, og ein del sektorplanar som det går fram av planstrategien til Meland. Arbeidet med rullering av arealdelen har gått parallelt med samfunnsdelsarbeidet og prioriteringar i arealdelen er knytta opp mot mål og strategiar i samfunnsdelen. Slik skal samfunnsdelen vere styringsverktøyet for arbeidet Meland kommune gjer.

Planstrategi for Meland kommune

Bakgrunn

Kommunal planstrategi er eit nytt verktøy for å få kommunen sitt planarbeid inn i gode og målretta former. Gjennom arbeidet med slik strategi vert eksisterande planar vurdert opp mot dei aktuelle behov som kommunen står ovanfor i komande periode. Hovudlinene i kommunen sitt planarbeid for perioden vert fastlagt i strategien. Frå 2010 er det eit krav i plan- og bygningslova at alle kommunar skal utarbeida ein planstrategi. jf. pbl §10-1.”

Formannskapet vedtok i FS-067/12

”Formannskapet rår til at utarbeiding og handsaming av Meland kommune sin planstrategi inngår i den pågåande rulleringa av kommuneplan og vedtak knytt til denne jmf. Plb&10-1.”

Ein planstrategi er eit politisk dokument for å gjere strategiske vegval for lokalsamfunnutviklinga i Meland med utgangspunkt i kva utfordringar og hovudtrekk samfunnet står ovanfor, i arbeidet med samfunndelen av kommuneplan er utfordringar og hovudtrekk skissert.

Nye kommunale planbehov

I arbeidet med kommuneplan har administrasjon og den politiske styringsgruppa drøfta

utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter og det er gjort ei vurdering av behovet for kommunal planlegging i framover. Det er overordna planarbeid som vert prioritert og planer for avgrensa område som er lovpålagte eller kommunen ser behov for å utgreie.

- Plan for idrett, fysisk aktivitet og folkehelse
- Kulturminnevernplan (ved eksten finansiering)
- Skulestrukturplan
- Barnehageplan
- Rullering av plan for hovudvassforsyning og avløp
- Folkehelsemelding
- Regional næringsplan
- Reguleringsplan regionalt kollektivknutepunkt Flatøy
- Kommedelplan Frekhaug
- Kommunedelplan Midtmarka

Administrasjonen - framlegg til vedtak:

"Meland formannskap sender planforslaget til kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2025 og planstrategi for Meland kommune på høyring og legg dokumenta ut til offentlig ettersyn etter plan- og bygningsslovens § 11-14."

22.05.2013 Formannskapet

Lars Barstad og Sigmund Larsen gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

Framlegg til vedtak frå Sølvi Knudsen, SP:

"Punkt skulestrukturplan går ut."

Avrøysting:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Sølvi Knudsen fekk 4 røyster for (AP, SP, V, KrF), 3 røyster mot, (H, FrP, SAM), og er såleis vedteke.

FS-052/13 Vedtak:

"Meland formannskap sender planforslaget til kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2025 og planstrategi for Meland kommune på høyring og legg dokumenta ut til offentlig ettersyn etter plan- og bygningsslovens § 11-14.

Punkt skulestrukturplan går ut."

2. gongs handsaming:

Saksutgreiing:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2025 og planstrategi har vore ute på offentleg ettersyn med høyringsfrist 02.09.13. Det er kome nokre merknader frå regionale instansar til samfunnsdelen og planstrategien.

Fylkesmannen i Hordaland datert 04.09.13

Fylkesmannen rosar Meland kommune for ein god samfunnsdel som er utforma slik at den er interessant lesing for innbyggjarane. Det vert særleg peika på at folkehelse har fått så stor plass i planen og at landbruket sin status i kommunen er godt synleggjort.

Dei har nokre merknader til 2.2 Å byggje i Meland; «Meland kommune skal leggje til rette for ein differensiert busetnad i LNF –område.»

Dette oppfattar fylkesmannen som ei uklar formulering og viser til at temaet spreidd busetnad er naturleg å ta opp i arealplan.

Dei peiker på at det er bra at kommunen har utført ei strandsoneanalyse som vert lagt til grunn for planlegginga i strandsona. Vidare understrekar dei at planlegging av flytebyggjer ikkje bør vere prioritert i arealplan.

Kap.3.1 Næring og vekst. «Meland kommune vil leggje til rette for arealkrevjande næringar langs hovud/ samferdselårer i kommunen.»

Her peiker fylkesmannen på at punktet er noko uklart og dei oppmodar til å prioritere kvar i kommunen det er aktuelt å leggje ut næringsareal.

Kap.4.4 Idrett og friluftsliv

Her oppmodar fylkesmannen om at det vert gjort kartlegging av barnetråkk i alle skulekrinsar.

Fylkesmannen har ikkje nokon merknader til den kommunale planstrategien, som dei skriv er ei grei oversikt over trongen for planer i perioden.

Administrasjon si vurdering

Spreidd busetnad vil bli ein viktig del av arealdisponeringa i arealplanen

Meland kommune vil sette av områder for næring i arealdelen av kommuneplanen.

Når det gjeld barnetråkk er dette gjort i alle skulekrinsar i Meland.

Statens vegvesen datert 30.08.13

Planstrategien

Dei peiker på at det er positivt at planstrategien viser til regionalt samarbeid for å løyse transportutfordringane i regionen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Planen inneheld eit ege kapittel om samferdsel og infrastruktur. Statens vegvesen er svært nøgd med at planen vektlegg trafikktryggleik og satsing på gang og sykkelveger i tilknytning til skulane. Dei peiker på at det kunne vore eit punkt under «kva gjer vi» på side 17. som tek i seg at ein arbeider med å auke syklande for arbeidereiser i arbeidsmarknad regionen Bergen- Nord og Nordhordland.

Hordaland fylkeskommune datert 05.09.13

Planstrategien er utarbeida på ein oversiktleg måte og gjev ei grei oversikt over planbehovet i framtida. Her peiker Fylkeskommunen på at det som Meland kallar ein regional næringsplan for Nordhordland, vil vere korrekt å kalle for ein interkommunal plan.

Til samfunnsdelen har Hordaland fylkeskommune merknader til senterutvikling, samferdsel, kulturminne og kulturmiljø, klima og energi, strandsone og næring:

Senterutvikling

Dei peiker på at det er positivt at kommunen er så tydelig i samfunnsdelen at ein vil arbeide med å utvikle gode senter og møteplasser. Vidare at ein vil satse på bustader og forretning i sentrum og arbeideplassintensive arbeidsplasser. Dei understeker at dette bør bli følgt opp i arealdelen.

Samferdsel

Kommunen melder i planstrategien at dei vil starte opp arbeidet med reguleringsplan for innfartsparkering og kollektivterminal på Flatøy. Her gjev Hordaland fylkeskommune merksam på at det alt er gjort eit arbeid i regi av fylkeskommunen og Statens vegvesen.

Kulturminne og kulturmiljø

Fylkeskommunen understrekar det som er peika på i samfunnsdelen, kor viktig det er i ein presskommune å ta vare på og dokumentere kulturminne og kulturmiljø. Dei oppmodar om å søkje på nytt om stønad til å utarbeide ein kulturminnevernplan. Då dette no er ein del av den kommunale planstrategien.

Klima og energi

Her peiker fylkeskommunen på at det bør gå klart fram i dokumentet korleis ein skal nå målet om ein klimagassutsleppreduksjon på 20 % og kva klimagassar ein snakkar om når det står utsleppreduksjon. Dei skriv og at under dette kapitlet er punkta under «kva gjer vi» meir ei liste over delmål og strategiar.

Strandsone

Fylkeskommunen peiker på at det er positivt at det er utført ei strandsoneanalyse og kartlegging av

funksjonell strandsone.

Næring

Samfunnsdelen sine prioriteringar med omsyn til næring, er i tråd med det oppstarta fylkeskommunale arbeidet med ein regional areal –og transportplan for Bergensområdet.

Administrasjon si vurdering

Tittel på den regionale næringsplanen vert endra til interkommunal plan i planstrategien.

I arealdelen vil merknadene til senterutvikling bli følgt opp.

Samferdsel

Meland kommune ynskjer at det blir utarbeida ein reguleringsplan over eit større areal til kollektiv og innfartsparkering på Flatøy. Jmf. planstrategien.

Klima og energi

Kapitlet «Klima og energi» er implementert frå Energi og klimaplan for Meland kommune. Planprogrammet peiker på at denne planen skal liggje til grunn for kommuneplanarbeidet.

Miljøpartiet Dei Grøne i Meland 03.09.13

Miljøpartiet dei Grøne skriv at samfunnsdelen er blitt ein god og innhaldsrik plan med mange gode overordna mål. To punkt kunne dei ynskje skal vere med i planen; utvikling av turistnæring med vekt på natur, landbruk og kulturminne.

Dei ynskjer og eit sterkare fokus på kulturminne i planen.

Administrasjon si vurdering

I arealplan vil det bli sett av områder som spreidd næring knytt til landbruk og turismerelaterte satsingar.

Vidare skal det utarbeidast ein eigen kulturminnevernplan som vil synleggjere verdien av kulturminna og kulturmiljø i Meland. I arealplanen vil det bli teke inn omsynssoner kulturmiljø.

Fellesrådet datert 24.10.13

Fellesrådet hadde saka til drøfting i møte den 19.09.13. Dei gjorde då fyljande vedtak «Høyringar i sommarferien bør ein ikkje ha på slike viktige planar. Fellesrådet bør få planen til gjennomsyn .Rådet vil kome med uttale på neste møte»

Frå møte 24.10.13 "Fellesrådet vil koma med følgjande innspel:

Under Økonomi - side 9endringa både i tenestetilbod og nivå på tenester.

"Eit godt tenestetilbod må leverast uavhengig av økonomi. Tidleg hjelp er førebyggjande og kan vere

kostnadsreducerande på lang sikt. Lovpålagte tenester må leverast uavhengig av økonomi."

Kap 2.1 Tettstader og senterstruktur – side 13.... det er framleis mange bygder som skaper identitet og stadkjensle. Det skal sikrast areal for bustadtomter i dei ulike krinsane.

"Fellesrådet vil peike på at dette er eit sentralt punkt. Vil understreke at det er viktig å ta inn areal for spreidd busetnad i bygdene i det pågåande arealplanarbeidet."

Kap 2.2 Å bygge i Meland

Gå/sykkelstiar side 17.Følgjande tillegg:

"Det skal utarbeidast ein plan for eit nettverk av gang- og sykkelstiar med god tilknytting til skular, idrettsanlegg og turstiar."

Merknad til tabellen på side 15 som viser bustadareal i gjeldane plan. Det er lett å oppfatte denne tabellen som det som blir bustader på Rossland i framtida.

"Må endre overskrift og tydeleggjere at det er gjeldane plan. Det vert understreka av det må opnast for bustadygging i Rossland."

Offentleg kommunikasjon,side 17.... det må arbeidast for å etablere eit endå betre offentleg kommunikasjonsbod.

"Fellesrådet understrekar at det må arbeidast for å få eit betre busstilbod ut på øya, ikkje berre til Frekhaugområdet. Det må og vere med eit punkt om universell utforming i kollektivtilbodet."

Kap 2.9 Folkehelse i berekraftige Meland

Infrastruktur "Fellesrådet vil understreke kor viktig det var å tilrettelegge for gang og sykkelveggar. Vil peika særleg på Fosseområdet. Det er og viktig med turveggar i nærmiljøet. Turveggar må merkast i arealplan.

Under Infrastruktur side 25

Følgjande tillegg: "Meland Kommune skal tilretteleggja for eit godt utbygd nettverk av turstiar i skogs-, fjell- og strandområde, med god tilknytting til skogsveggar og gang- og sykkelstiar."

Under natur og kulturmiljø, side 26 "Det må utarbeidast ein plan på universell *utforming*" .. ikkje *tilrettelegging* som det står i dag.

Kap 2.4 Småbåthamner og strandsone side 19, "Kva vi gjer".

Følgjande nyttt avsnitt:

"Det skal leggest til rette for strandturstiar."

Kap 4. Livskvalitet i Meland

Skule: Det må vere universelt utforma undervisningslokale med god kvalitet.

Kap 4.6 Helse og sosiale tenester

Samhandlingsreformen;

”I kapitlet helse og sosiale tenester, må ein få med habilitering/rehabilitering og førebyggjing som er ein viktig del av samhandlingsreformen. Mål nevnt som eit punkt under «Kva gjer vi»”

Administrasjon sine vurderingar

Fellesrådet hadde ei grundig drøfting av kommuneplan.

Kravet til universell utforming følger av plb.

Administrasjon tilrår å ta inn følgjande rettingar/ endringar i samfunnsdelen

«Det må utarbeidast ein plan på universell utforming” .. ikkje tilrettelegging som det står i dag.

Tabellen som syner bustadareal på side 15. får sett inn ei tydelegare underskrift.

Når det gjeld turstiar, både i strandsona og andre stader og gang og sykkelveggar som Fellesrådet var opptekne av, vert dette vurdert i arbeidet med arealplanen.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Rådmannen - framlegg til vedtak:

Formannskapet i Meland tilrår at kommunestyret godkjenner kommuneplanen for Meland 2013-2015, samfunnsdelen med planstrategi og med følgjande endringar: Tittel på den regionale næringsplanen vert endra til interkommunal plan i planstrategien.

Tabellen som syner bustadareal side 15 får sett inn ein tydelegare undertittel.

Punktet på side 26 under Natur og kulturmiljø vert endra til «Det må utarbeidast ein plan på universell utforming» ... Ikkje tilrettelegging som det står i dag.
Dokumentet vert retta opp før kommunestyret handsamar planen.

22.01.2014 FORMANNSKAPET

Lars Barstad og Sigmund Larsen gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

Kristin Nåmdal og Anny Bastesen orienterte om status samfunnsdelen.

Framlegg til endring frå Sølvi Knudsen, SP:

"side 9 – Kap. Økonomi:

Punkt frå rår over: går ut."

Avrøysting:

Dette framlegget fekk 3 røyster for (SP,SAM,AP), 4 røyster mot, (H, 2 KrF, FrP,), og fall.

FS 007/14 – Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Meland tilrår at kommunestyret godkjenner kommuneplanen for Meland 2013-2015, samfunnsdelen med planstrategi og med følgjande endringar: Tittel på den regionale næringsplanen vert endra til interkommunal plan i planstrategien.

Tabellen som syner bustadareal side 15 får sett inn ein tydelegare undertittel.

Punktet på side 26 under Natur og kulturmiljø vert endra til «Det må utarbeidast ein plan på universell utforming» ... Ikkje tilrettelegging som det står i dag.

Kommunestyret - 13/2014

KS - behandling:

Saka vert trekt frå saklista

KS - vedtak: